



Ole Martin Gilbu nyt livet når han fiskar i Uskedalselva.

Ole Martin Gilbu som står bak bloggen fiskejegeren.com, har tydelegvis forelska seg i Uskedalselva. Den kjende fiskeentusiasten har dei siste sesongane hatt mange turar over fjellet for å få nye gode fiskeopplevingar ved elva vår. På turarane har han laga mange flotte filmar. Etter siste turen i helga har han publisert ein ny flott film.

Gilbu fiskar også i fleire andre elvar, og småelvane på Vestlandet er blant favorittane hans. På siste filmen på vel 13 minutt føl vi han på ein dag i Uskedalselva med eit innlagt opptak frå ein tur til Nærøydalselva i sommar. Det er ein flott film, og det er god reklame for elva og bygda vår.

De kan sjå filmen som er publisert [på youtube her](#).

Vi nemner også at det er Gilbu som har fått største fisken i Uskedalselva denne sesongen. Han fekk ein laks på 11 kg tidlegare i sommar. Fiskesesongen varer til 15. september.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ole Martin Gilbu